



ÅRSMELDING 2020

ÅRSMELDING IL JOTUN Symjegruppa for perioden 1. januar til 31. desember 2020

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



1. Styret si samansetjing

- Leiar Ingeborg Hjelle
- Styremedlem Trond Erik Jentoftsen
- Kasserar Håvard Gikling
- Styremedlem Johanne Molland

2. Grupper – utval - komitear – representasjon

- Tomine Jevnaker har sete i Ungdomsutvalet i Jotun IL
- Ingeborg Hjelle har vore kontaktperson mot Allidrett
- Ingeborg Hjelle har sete i Sportsutvalet

3. Møter

- 1 årsmøte.
- 3 styremøte, 1 foreldremøter, trenarmøte.
- Arbeid med treningssamling i Øvre første helga i januar.
- Arbeid med Årdalsstemne, kretsstemne i Årdalshallen i januar.
- Symjeglede (symjeopplæring/tilvenjing) til ca. 50 flykningar frå Vang mottak i regi av UDI i utebassenget løpet av sommaren.
- Møter i hovudstyret.
- Møter i Symjekrinsen.
- Treningar : Symjegruppa har gjennomført fire treningar i veka før nedstenginga. Den eine var for aldersgruppa 9 år til 11 år. Det har vore 5-15 aktive på kvar trening. Om sommaren hadde me tilbod om frivillege treningar i utebassenget (1-2 i veka). Etter ferien opna ikkje Årdalshallen før jul. Me hadde då eit tilbod om å symje i Aurland to gongar i veka for symjarane frå 12 år og oppover. Det vart lange turar, i tillegg til vegsperringar. Derfor vart det ikkje så mange som nytta det tilbodet. Symjarane mellom 9-11 år fekk tilbod om å symja i Tangenhallen frå midten av oktober og fram til jul. Oppmøtet der var godt. Mastersymjinga fungerte godt fram til nedstenginga inne, og hadde også eit tilbod i utebassenget. Dei fekk ikkje starta oppatt om hausten.
- Symjegruppa har stilt trenarar på Allidretten til 3. og 4. klasse. Dessverre vart samfunnet stengt ned før 4-klassingane fekk tatt symjeknappen. På hausten vart ikkje innebassenget opna pga reoperasjon, så all trening med allidretten blei avlyst.
- Symjegruppa har stilt med kretsdommarar på 4 stemner i fylket vårt.

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



4. Saker

- Planla kretsstemne i Årdalshallen.
- Planla og arrangerte treningssamling både for dei vidarekomne og for breidda av symjarar i Sogn og Fjordane i samarbeid med Symjekrinsen.
- Planla og gjennomførte open dag i bassenget etter jul, i samarbeid med kommunen.
- Innkjøp diverse symjeutstyr og diverse utstyr til kretsstemne.
- Dugnadar; symjeopplæring UDI.
- Organisering til andre symjestemne me deltok på.
- Få utdanna tre nye instruktørar.
- Reint idrettslag, koronavettkurs og godkjenning koronareglar basseng.
- Organiserte trening for symjarar med funksjonshemming.

5. Medlemstal

- Totalt 147
- 105 utøvarar mellom 9-11år
- 15 utøvarar mellom 12-16år
- 27 medlemmer 17 år og eldre

6. Utdanning

- Joakim Fagerli, Instruktør symjing
- Agnete Fagerli, instruktør symjing
- Anne Helene Fagerli, instruktør symjing

7. Særforbund

- Norges Svømmeforbund

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal

E-Post

post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3705 39 43471

Foretaksregisteret

975 702 308



8. Konkurransar – Stemner – turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar	Øvingar
25-26.01.2020	Årdalsstemnet	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt, 16 deltok.	400, 200, 100 og 50 m fri, 100 og 50 m bryst, 50 m butter fly, 50 m rygg, 200 og 100 m ind. medley. Rekruttane i tillegg; 25 m rygg, 25 m bryst og 25 m fri. Stafett 4x50 m.
29.02-1.03.2020	Vårduppen på Eid	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt, 2 deltok.	800, 200, 100 og 50 m fri, 200 og 100 m ind. medley, 1 tillegg rekrutt; 25 m fri og 25 m bryst og 50 m bryst.
31.10-1.11.2020	Hausstemne på Eid	Deltakarar både i konkurranse og rekrutt, 2 deltok.	400, 200 og 100 m fri, 200, 200, 100 og 50 m bryst, 100 m ind. medley.
10-12.01.2020	Treningsamling i Årdal	9 deltok	

Klubben har totalt fått 33 gullmedaljar og 4 sølvmedaljar. Symjarane prøver seg på stadig nye øvingar og distansar. Mange flotte personlege rekordar!

9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2020(KR) : 229 678.
- Resultat 2020 (KR) : Overskot 102 367.
- Budsjett 2021 (KR) : 22 700.
- Har motteke støtte frå Årdal Kjemiske.
- I samband med Årdalsstemnet 2020 mottok me støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Årdal Kommune.
- Sogn og Fjordane Idrettskrins støtta oss for å gjennomføre breiddesamling for symjarar, som er eit nytt tilbod for å få med alle klubbane i fylket.
- Symjegruppa har ingen eigen sponsor, men motteke del av midlar frå hovudsponsorane. Gjennom Klubben har me avtale om 15 % på kjøp av symjeutstyr- og kle.

10. Anlegg & Utstyr

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3705 39 43471
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



Symjegruppa trener i Årdalshallen. Bassenget er greitt. Me har enno ikkje fått til ei ordning med bandedelarane, slik at det blir enklare å ta dei ut og rydde oppatt etter kvar trening. Me ønskte oss også eit eige rom ved bassenget der me kunne oppbevare utstyret vårt. Dette har ikkje latt seg gjere. Me opplever enno at utstyret blir brukt og dessverre øydelagt av andre.

«Sementblokka» under det minste stupebrettet gjer at me berre får brukt fire baner under innandørsstemner. Ei lita rille i denne blokka løyser dette problemet. I tillegg må startpallane ha nytt belegg. Me ønskjer no å prøve å få finansiert startpallar (med «knekk») som kan flyttast mellom inne- og utebassenget.

Også i år har me hatt symjarar med funksjonshemmingar. Dette tykkjer me er veldig kjekt. Ein av dei er avhengige av hjelp i garderoben. Dessverre har ikkje Årdalshallen nokon garderobar tilpassa funksjonshemma. Symjegruppa har løyst dette med å bestille ein ekstra time i hallen, slik at dei får koma før ordinær trening startar og avslutte litt før. Dette har fungert greitt, men dette er noko kommunen må ta tak i. I Symjegruppa ønskjer me at det skal vere plass til alle, og fellesskap er viktig. Me håpar kommunen får på plass ein garderode snart. Dessverre har nedstenginga i samband med korona, og reperasjonar i hallen, gjort at desse symjarane ikkje har hatt noko tilbod sidan mars i fjor. Når bassenget opnar ute, håpar me dette kan endrast!

Nokre av symjarane våre ønskjer å satse. Då må dei ha tilgang til bassenget. Kommunen har gått med på å leggja ut ei bane på fredagane siste timane, som kan brukast av alle som ynskjer å symja. I tillegg har me tilbod på laurdagane. Då bassenget var stengt for offentleg bading, hadde me eit tilbod i denne tida.

Endeleg har det kome nytt dekke i utebassenget, og det er flott at sklia no er blitt godkjent. Me vil takke kommunen for samarbeidet. Auka aktivitet i bassenga er eit felles mål.

11. Oppgåver i året som kjem

- Auka rekruttering, og prøve å behalda dei eldste, både frå Øvre og Årdalstangen.
- Arrangere krets- og lokale stemner, som igjen kan bidra til auka rekruttering.
- Gjennomføre symjegløde med Vang asylmottak.
- Treningssamlingar i eigen regi og saman med Symjekrinsen.
- Reise på stemner.
- Vidareføre oppfølging med Allidretten med aktivitet og gjennomføring av symjeknappar.
- Prøve å få kommunen til å lage garderobar til funksjonsnedsette i bassenget, system for innsamling av bandedelarane og reperasjon av eine startpallen.
- Utdanne og vidareutdanne trenarane, livreddarar og dommarar.
- Få eige rom til utstyret vårt i innebassenget.

Postadresse

IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3705 39 43471
Foretaksregisteret
975 702 308



Vår dato
27.04.20

Side 6 av 6
Vår referanse

- Innkjøp av naudsynleg symjeutstyr, ryggstartarar og startpallar.
- Dugnader; «symjeglede» og lotteri til jul.
- Sportsplan.

12. Eksterne verv – representasjon

- Ingeborg Hjelle, styret i Symjekrinsen Sogn og Fjordane.

Me har bak oss eit «tungt» år i Symjegruppa. Sjølv om dei første månadane var svært aktive, var resten av året vanskeleg. Ikkje berre på grunn av koronapandemien, men og fordi Årdalshallen stengde for reoperasjonar. Likevel er det mykje fint som har skjedd. Ikkje minst takka vere dei flinke symjarane/trenarane våre Tomine Jevnaker, Solfrid Røyrvik og Kaja Hove, som har trent den yngste gruppa! Borna likar seg, og det er flott å sjå ekte idrettsglede! Trenarane Kurt Jevnaker og Ruth Laberg må og ha ein stor takk for den flotte jobben dei gjer! Det har resultert i framgang og mestring for symjarane, og mange gode resultat på stemner. Ein ekstra takk for god hjelp til Anne Helene, Agnete og Joakim Fagerli, som dessverre måtte gje seg som trenarar då hausten kom. Takk også til kretsdommarane som stiller for oss på stemne rundt om i fylket. Til sist, takk til alle foreldre og andre fantastiske friviljuge, som stiller opp på dugnadar og hjelper Symjegruppa. Særleg gjeld dette Henrik Rønningen, som ordnar kontaktane med Vang mottak, og leverer flotte måltid til arrangementa våre.

Me må og rette ei stor takk til hovudsponsorane våre Sparebanken Sogn og Fjordane, Årdalsnett og Årdal Kraftlag, i tillegg til Sparebankstiftinga, Årdal Kommune, Sogn og Fjordane Idrettskrins og ikkje minst Årdal Kjemiske for økonomisk støtte!

Øvre Årdal 27.04.2021

Leiar
Ingeborg Hjelle

Styremedlem
Trond Erik Jentoftsen

Kasserar
Håvard Gikling

Styremedlem
Johanne Molland

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
~~3736 37 00308~~
Foretaksregisteret
975 702 308